



## Notat

Dato: 14.05.2019  
Arkivsak: 2014/13889-142  
Saksbehandlar: evevaul

---

**Til:** Fylkestrafikksikringsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Trafikksikkerheitsutgreiing av Leknes skulekrins - første i Hordaland utanfor Bergen

Lindås kommune søkte tidlegare i år om tilskot til strakstiltak etter ei ønskt trafikksikkerheitsutgreiing av trafikksikkerheita i Leknes skulekrins. Søknaden gjekk til tilskotsordninga Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring. Kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen om å få gjennomført ei slik utgreiing. Vegvesenet er positive å bidra inn i kartlegginga.

I dag er trafikksikkerheitsutgreiingar ein del av satsinga på trafikksikre skulevegar i Bergen, gjennom Miljøløftet. Her vert det årleg gjennomført utgreiingar, som vert fylgt opp med midlar til tiltak i påfølgande budsjettår. Erfaringane med utgreiingane er positive, og det er ønskjeleg å prøva ut metodikken som ligg til grunn også andre stader i fylket.

*Rapport frå ei trafikksikringsutgreiing av Mjølkeråen, Salhus og Hordvik skulekrinsar er lagt ved saka som døme.*

### Om trafikksikkerheitsutgreiingane

Trafikksikkerheitsutgreiingane av skulekrinsar vert i dag utført i eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Politiet. Med det er partane som vert ansvarlege for gjennomføring av påfølgande tiltak representerte. Når ein prøvar ut utgreiingane i andre delar av fylket, vil naturleg nok den aktuelle kommunen ta den same rolla som Bergen har i utgreiingane i Miljøløftet.

Utgreiingane byggjer på innspel til den kommunale trafikksikringsplanen, innspel frå den aktuelle skulen med FAU og elevråd, og andre innspel og registreringar i skulekrinsen. Dette kan til dømes vera innspel frå barnehagar i krinsen, som ein også søkjer å involvere. Ut frå innspela som kjem, vert det i lag med dei som medverkar plukka ut punkt der det skal gjennomførast teljingar og registreringar. Dette kan til dømes vera viktige kryssingspunkt på skulevegen og strekningar der ein opplever at det er høgt fartsnivå. Partane i samarbeidet gjennomfører så synfaring av dei utvalde punkta.

Jobben som vert gjort med teljingar, registreringar og utarbeiding av rapport for utgreiingane er grundig arbeid. Berre det å gjennomføra ei teljing ved eit einskild punkt kan ta opp mot åtte timar. Når resultatane er klare og samanstilt til ein rapport, kjem partane i samarbeidet attende til skulen for å presentera rapporten og ei prioritert liste med forslag til oppfølgingstiltak. Ein skil her mellom strakstiltak, og langsiktige tiltak. I lag

med skule, FAU og elevråd (og eventuelt barnehagar og engasjerte einskildpersonar) vert ein samde om kva tiltak som er viktigast. Dei fleste strakstiltaka vert gjennomførte. Kommunen følgjer opp tiltaka som gjeld kommunal veg, medan tiltak på fylkesveg vert fylgt opp og finansiert med trafikksikringsmidlar i Miljøløftet.

Medverknaden frå skule, FAU og elevråd er viktig i trafikksikringsutgreiingane, og noko av det som gjer utgreiingane til eit så godt verktøy. Partane i samarbeidet stiller på eit oppstartsmøte og her kan alle frammøtte spørja om det dei lurar på. Dei frammøtte får innsikt i trafikksikringsfaglege vurderingar, medan partane i samarbeidet får tilgang på verdifull lokalkunnskap.

Frå 2008 til 2017 er trafikksikkerheitsutgreiingar og oppfølgingstiltak gjennomført for følgjande skulekrinsar i Bergen: Alvøen, Drotningstveit, Krokeide, Kirkevoll, Olsvik, Kjølkelvik, Søråshøgda, Damsgård, Mjølkeråen, Hordvik, Salhus, Sædalen, Fjellsdalen, Bønes, Flaktveit, Nyborg og Rolland. For skulekrinsane Mathopen, Garnes og Ådnamarka vert det gjennomført tiltak i 2019.

Statens vegvesen meldar om utelukkande positive tilbakemeldingar om trafikksikkerheitsutgreiingane, og at det etter gjennomføring av utgreiingar og strakstiltak er ein betydeleg nedgang i uromeldingar i dei aktuelle områda. Mange vert positivt overraska i møte med etatane. Dei ser at det vert gjort eit grundig stykke arbeid, og at dei vert tatt på alvor med deira innspel og bekymringar. Involveringa av skule, foreldre og elevar, og forpliktinga vegeigarane tar på seg for å følgja opp prioriterte tiltak, gjer trafikksikringsutgreiingane til eit tillitsvekkande verktøy.

## Fylkesrådmannen sine kommentarar

Trafikksikkerheitsutgreiing av Leknes skulekrins vert ei viktig, første utprøving av arbeidsverktøyet utanfor Bergen. Midlar til oppfølging med tiltak på fylkesveg må innarbeidast i fylkesbudsjettet. Framover er det ønskeleg at det kan gjennomførast utgreiingar også andre stader i fylket, som ledd i satsinga på trygg skuleveg. Det vil verta jobba vidare med eit opplegg for korleis ein skal velja ut aktuelle kommunar og skulekrinsar for slike kartleggingar.

Fylkesrådmannen føreset at kommunen set av eigne midlar til oppfølging av aktuelle tiltak på kommunal veg. At ein forpliktar seg til oppfølginga er heilt sentralt for at skule og foreldre skal sitta att med eit godt inntrykk av utgreiinga. I alt arbeid med medverknad skapar ein forventningar hjå dei som kjem med innspel. Sjølv om ein ikkje kan etterkomma alle ønske er det viktig at ein viser at ein faktisk følgjer opp med handling. Dette er ei styrke med trafikksikringsutgreiingane, slik dei har vore gjennomført gjennom Miljøløftet i Bergen. Møtet med etatane som innbyggarane får gjennom dette arbeidet er med på å byggja tillit. Det er ein viktig og positiv sideverknad av trafikksikkerheitsutgreiingane.

## Vedlegg

### 1 Trafikksikkerheitsutgreiing av Mjølkeråen, Salhus og Hordvik skulekrinsar

